

Formål: KFU møte	Møtetid: 10.02.22	Stad: Teams
Møteleiar: Pål Andre Hegland	Referent: Svanhild Tennebø	

Namn	Skule	Verv	Møtt	Ikkje møtt
Ingeborg Espeland Grinde	Bygstad skule	FAU-leiar	x	
Bodil Ryste	Bygstad skule	FAU-nestleiar	x	
Ørjan Stubhaug	Flatene skule	FAU-leiar		x
John Carlo Helset	Flatene skule	FAU-nestleiar		x
Gert Rørvik	Frøysland skule	FAU-leiar		x
Ingunn Rørvik	Frøysland skule	FAU-nestleiar		x
Øyvind Johan Korsøen	Førde Barneskule	FAU-leiar	x	
Gunvor Beate Bjordal	Førde Barneskule	FAU-nestleiar	x	
Arne Eikeland	Førde Ungdomsskule	FAU-leiar	x	
Tove Mette Skaar Øvrebø	Førde Ungdomsskule	FAU-nestleiar	x	
Ingeborg Sunde	Halbrend skule	FAU-leiar		x
Pål A. Hegland	Halbrend skule	FAU-nestleiar	x	
Trine Renate Vallestad	Holsen skule	FAU-leiar		x
Ørjan Klakegg	Holsen skule	FAU-nestleiar		x
Annlaug Birkeland	Naustdal skule	FAU-leiar	x	
Kristine Folland	Sande skule	FAU-leiar		x
Line Senneseth Råheim	Sande skule	FAU-nestleiar		x
Marit Solveig Nedrebø	Sande skule	FAU-KFU representant	x	
Heidi Flatjord	Skei skule	FAU-leiar	x	
Hanne Kjørvik	Skei skule	FAU-nestleiar		x
Christian Moltu	Slåtten skule	FAU-leiar	x	
Jeaneth A. Frantzen Rosnes	Slåtten skule	FAU-nestleiar		x
Espen Loe Haukedal	Sunde skule	FAU-leiar		x
Øystein Verås	Sunde skule	FAU-nestleiar		x
Jannicke Felde Førde	Vassenden skule	FAU-leiar		x
Svanhild Tennebø	Vassenden skule	Sekretær/FAU-nestleiar	x	
Terje Sekse Horne	Vevring skule	FAU-leiar		x
Roy Henning Veiesund	Vevring skule	FAU-nestleiar		x
Hallgeir Tjønneland	Viksdalen skule	FAU-leiar	x	
Linda Fluge	Viksdalen skule	FAU-nestleiar	x	
Åge Stafsnes		Kommunalsjef skule	x	

## Sakliste

Sak 1: Orientering frå kommunalsjef Åge Stafsnes

Sak 2: Sfo, leksehjelp

Sak 3: Utemiljø

Sak 4: Møteplan

## Referat

SAK	INNHALD
1.	<p><b>Åge Stafsnes informerer om:</b></p> <p><b>Korona:</b> Det er grønt nivå på skulane. Eventuelle endringar kjem på kommunalt nivå, ikkje nasjonalt. Fokus på hygiene fortset.</p> <p>I skulane er det pr. d.d. mykje smitte, men få vert alvorleg sjuke. Ein reknar med høgt sjukefråvær framover og skulane informere ikkje om smittetal heretter. Smittetopp er antatt i slutten av februar, før det flatar ut.</p> <p>Ved symptom ta hurtigtest. Det er fire dagar karantene ved sjukdom. Ein kan komme tilbake til skulen etter fire dagar, og når ein har vore feberfri i 24t.</p> <p>Sjå karnantenekompasset <a href="https://sunnfjord.kommune.no/aktuelt-fra-kommunen/karantenekompasset-slik-er-karantenereglane-for-deg.23726.aspx">https://sunnfjord.kommune.no/aktuelt-fra-kommunen/karantenekompasset-slik-er-karantenereglane-for-deg.23726.aspx</a></p> <p>Smitteutbrot i personalgruppene kan føre til auka vikarbruk, flytting av timar, og heimeskule nokre dagar for dei eldste.</p> <p><b>Digital kompetanse og digitale verktøy:</b></p> <p>Digital kompetanse har vore i fokus siste to åra.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Digitale verktøy skal nyttast der det er hensiktsmessig, og skal ikkje erstatte læreboka.</li><li>- Alle barn i grunnskulen, unntatt 3. og 4. klasse har eigen PC/Ipad. 3. og 4. klasse får dette hausten-22.</li></ul> <p><b>Ny læreplan og fagfornyng.</b> Ny læreplan seier ikkje kva elevane skal lære, men kva dei skal kunne. Elevane skal få kompetanse til å løyse utfordringar ein møter i framtida.</p> <p>Elevane skal kunne</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- nytte ulike kjelder og finne informasjon ulike stader</li><li>- utøve kjeldekritikk</li><li>- samarbeide med andre</li><li>- arbeide på ulike plattformar</li></ul> <p>Fagfornyng</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Samarbeid med Hvl, tiltak for å utvikle det faglege i skulane.</li><li>- Kompetanseløftet- vi skal bygge kompetanse på inkludering og spesialpedagogikk. Vi skal bygge kompetanse på områder som tidlegare høyrde til under Statped. Dette må vi etter kvart ta over sjølv, sidan Statped reduserer dette og vert meir spissa.</li></ul> <p><b>Eksamen på 10. trinn</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- endra grunna fagfornyng.</li></ul>



- Opne oppgåver der elevane skal kunne finne informasjon fleire stader for å løyse desse.

**Læreverk:**

- Bøker og digitale læringsverktøy.
- Kvar skule definerer sitt behov for lærebøker og kjøpe desse. Arbeidet var starta våren-22. Det skulen melder inn som behov skal vere dekkja innan fire år.

**«Vitemeir»:**

- Det er inngått ein rammeavtale med Vitemeirsenteret i Kaupanger. <https://www.vitemeir.no/>
- 1 til 2 trinn på kvar skule reiser for å besøke senteret i løpet av hausten/våren. Kvar skule avgjer kva trinn som får reise.
- Transport er dekkja.

**Skulefråvær:**

Sunnfjord kommune ligg godt an på landsnivå, men fleire har utfordringar knytt til skulevegring.

- Kommunen har fått 4.5 millionar som skal nyttast til å finne metodar å reduserer dette fråværet.
- Ein er i slutfasen på tilsetjinga av ein prosjektleiar som skal leie dette arbeidet.
- Tidsperspektiv på arbeidet er 4-5 år, og det skal komme noko konkret ut av prosjektet.

Undersøking knytt til barns psykiske helse, rus m.m

- Ingen funn tyder på at barn i Sunnfjord si psykiske helse er påverka av korona.

**Trygg trafikk- saker ein kan ta vidare i KFU:**

- Kva er skulane sitt behov? Dette må kartleggast.
- Trafikktryggleiksprogram- ynskje om dette.

**Oppvekstreforma- laget rundt barnet**

- Tverrfagleg, BTI og Spesped handboka – ligg på Sunnfjord kommune si side.  
<https://sunnfjord.kommune.no/f/p1/i24c72922-f59a-41da-ac9f-f9fa7eef7e2c/tiltaksvifte-bti-sunnfjord-kommune.pdf>  
<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/handbok-i-tidleg-innsats-tilpassa-opplaring-og-spesialpedagogikk/stottesystem/>  
<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/handbok-i-tidleg-innsats-tilpassa-opplaring-og-spesialpedagogikk/om-handboka/>

**Utlysing av lærarstillingar:**

- For få lærarar i kommunen, ein skal aktivt ut for å rekrutterer lærarar. Utlysingar medio februar.
- Tilsetjingsutval på Rådhuset fordeler søkerane ut over heile kommunen, sjølv om dei har sett prioriteringsrekkefølje i søknaden.
- Krevjande å halde på lærarar i utkantane. Arbeidsvilkår og lønn kan vere verkemiddel for å behalde dei.

**Sande skule:**

- I slutfasen på arbeidet med kva midlar det er behov for .
- I økonomiplanen ligg det pr. d.d. 120 mill.

2.	<p><b>Sfo</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gratis sfo for 5 og 12t i veka for 1.klasse.</li> <li>- 5, 12, og 20t er plasstypene frå haust-22.</li> <li>- Ny rammeplan for sfo <a href="https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/">https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/</a></li> </ul> <p>Hurdalsplattformen- mål at 1 og 2. klasse skal ha gratis sfo <a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hurdalsplattformen/id2877252/?q=sfo&amp;ch=1#match_0">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hurdalsplattformen/id2877252/?q=sfo&amp;ch=1#match_0</a></p> <p>Justering</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Før 5, 10, 15 og 20, 25 t.</li> <li>- No 5, 12 og 20 t.</li> <li>- Sats for 20t tilbod for 1.klassingar er 1050,- Øvrige klassetrinn følg satsane i tabell <a href="https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo-skulefritidsordning/">https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo-skulefritidsordning/</a></li> <li>- Beløp for 20t tilbod for 1.klasse samsvarar ikkje med vedtekter og prislista. Åge følg opp dette.</li> </ul> <p><b>Leksehjelp</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ulik praksis i dei fire tidlegare kommunane. Ein jobbar for felles praksis. <a href="https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_2#%C2%A71a-1">https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_2#%C2%A71a-1</a></li> </ul>
3.	<p><b>Utemiljø</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 3.5 mill årleg over fire år er satt av i økonomiplanen.</li> <li>- Skei, Vassenden og Sunde er prioritert i økonomiplanen.</li> <li>- Skei: må opp ein 3m høg mur som skjermar elevane frå taksnøskred frå idrettshallen. Denne må opp før vinteren-22. Kostnad: 5 mill. KFU er ueinige i at ein skal ta midlar frå utemiljø til rassikring, og forfattar eit skriv til kommunen før det skal opp i kommunestyremøte veke 7.</li> <li>- Vassenden: hallen har teke uteområdet. BMX bane ligg i plan for uteområdet.</li> <li>- Sunde: er ikkje ferdigstilt.</li> <li>- Klatreparkane vert opprusta med nye stokkar.</li> <li>- Bygstad skule- rektor må sende inn behovet knytt til utemiljøet for å få det inn i økonomiplanen.</li> <li>- Førde barneskule skulle utgreiast i 2022. Dette heng saman med kva som skjer med ungdomsskulen og Hafstad, og om ungdomsskulen kan brukast til barneskule.</li> <li>- Økonomiplanen vert regulert årleg. Nye prosjekt kjem til og det kan verte endringar om nye prosjekt vert sendt inn.</li> </ul>
4.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Økonomiplan for neste fire år vert lagt i slutten av mai-22.</li> <li>- Møte 30.3.22</li> <li>- Møte 11.05.22</li> </ul>